



Eirik Knive
Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4321 - 14/17597

Saksbehandlar:
Eirik Bouwer Utne
eirik.utne@meland.kommune.no

Dato:
12.11.2014

Søknad om deltaking i prosjektet Kartlegging og verdsetting av friluftsområde.

Meland kommune ved tenestemråde kultur ønskjer å gjennomføre kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i tråd med rettleiar M98-13. Kartlegginga legg særleg vekt på nærmiljøområder, ferdselsårer og grøntområde i og nær busetnad og tettstadar.

Sett kryss for oppstart 2014	Sett kryss for oppstart 2015	x
------------------------------	------------------------------	---

Organisering

Prosjekteigar er Meland kommune.

Prosjektet vil vere leia lokalt av kulturkonsulent Eirik Bouwer Utne, som vil ha ansvar for å koordinere arbeidet med å følgje opp ei arbeids- og referansegruppe. Meland kommune ved tenestemråde kultur ønskjer bistand til denne prosjektleiinga frå det varsla samarbeidet mellom prosjektleiar frå Bergen og omland friluftsråd og Hordaland fylkeskommune.

Ønskjer bistand til lokal prosjektleiar	x	Ønskjer å ta denne rolla sjølv
---	---	--------------------------------

Det er laga eit utkast til arbeids- og referansegruppe for dette arbeidet:

- Eirik Bouwer Utne, lokal prosjektleiar
- Skog- og miljøkonsulent
- Områdeleiarar for skule og barnehage
- Éin representant frå plan/kart
- Éin representant frå Ungdomsrådet
- Éin representant frå Nordhordland turlag
- Éin representant frå Nordhordland Jeger- og fiskerforbund
- Éin representant frå grunneigarlag
- Evt. lokale ressurspersonar

Prosjektkoordinator er Eirik Knive ved Hordaland fylkeskommune. Fylket kan òg gi rettleiing frå deira GIS-koordinator.

Arbeidsplan:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Oppgave	Framdriftsplan
Oppstartsvedtak, inkl. nedsetting av arbeidsgruppe og referansegruppe	Jan/feb
Første møte i arbeidsgruppa: Metodikk/arbeidsform, få tak i informasjon om friluftsområda, avgrensing områder/test av metodikk	Mars
Systematisering av eksisterande informasjon, kontakt mot barnehagar og skular (med vekt på tettbygde område)	Mars/april
Møte i arbeidsgruppa: Avgrensing og skildring av friluftsområde	April
Møte i arbeidsgruppa: Verdisetting av friluftsområda, ferdigstilling av manuskart og tilhøyrande tabell med eigenskapar og skildring for kvart område	Mai/juni
Digitalisering av friluftsområda og utarbeiding av enkelt kart på nett (for kvalitetssikring)	Innkjøp juni-okt
Rapportskriving (kort oppsummering av gjennomført arbeid)	Innkjøp/eigen okt
Kvalitetssikring (evt. ei enkel høyring) og eventuelle justeringar	Okt/nov
Møte i arbeidsgruppa: Korrektur kart	Nov
Ferdigstilling av digitalisering/SOSI-fil og kort rapport	Innkjøp/eigen nov
Presentasjon i kommunestyret	Des

Administrasjonen vil leggje inn betydeleg eigeninnsats i prosjektet, men vil vere avhengig av tilskot til å gjennomføre særleg digitalisering og presentasjonsverktøy og i mindre grad rapportering. Tenesteområdet er avhengig av denne bistanden sidan ein har fleire andre større og ressurskrevjande prosjekt gåande i 2015.

År	Kostnadsoverslag	Sum
2015	Lokal prosjektleiing	112 500
	Arbeidsgruppe diverse	3 000
	Digitalisering og etterarbeid	60 000
	Sum	175 500

Finansieringsplan

År		Sum
2015	Eigeninnsats	112 500
	Eigne midlar	3 000
	Prosjektmidlar Hordaland fylkeskommune	40 000
	Skjønnsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland	20 000
	Sum	175 500

Vi ser fram til eit flott registreringsprosjekt.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne
kulturkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Eirik Knive

Hordaland
fylkeskommune

5020

BERGEN